



Vedtekter for FAU, Vigre barnehage

§ 1 – Foreldreråd

Alle foreldre som har barn ved Vigre barnehage, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal:

- fremje felles interesser til foreldra
- medverke til at barn får ta aktivt del i arbeidet for å skape eit godt miljø.
- arbeide for å skape godt samhold mellom heimen og barnehagen.
- leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå barna.
- skape kontakt mellom Vigre barnehage, Vigre skule og lokalsamfunnet.

Foreldreråd vert som oftast organisert som foreldremøter for barnehagen. Vedtak i foreldrerådet er gyldig når meir enn halvparten av dei frammøtte har røysta for.

§ 2 – Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

FAU er eit arbeidsutval, og er det utøvande organ for foreldrerådet, med eigne vedteker.

Eventuelle forslag til vedtektsendringar må først gjennom FAU styret før ein endeleg behandlar og fattar vedtaksendring i barnehagen sitt samarbeidsutval (SU).

Barnehagen sitt FAU er satt saman av 7 foreldrekontaktar + 1 vararepresentant. Vararepresentanten vert kalla inn til alle møta. Ved forfall har varerepresentanten stemmerett på møta.

FAU er bindeleddet mellom foreldra og barnehagen, og skal sikre reell medverknad frå foreldra og ha medansvar for at læringsmiljøet til barna er trygt og godt.

§ 3 – Val og konstituering

Val av foreldrekontaktar skjer på første foreldremøte etter oppstart nytt barnehageår.

Det er ønskeleg med ei jamn fordeling av kjønn.

Foreldrekontaktane vert velde for to år om gongen. For å sikre ein viss kontinuitet i styret vel ein 3-4 nye representantar kvart år. Vararepresentanten er på val kvart år.

For å sikre mest mogleg nytenking og utvikling bør ein FAU representant som går ut av styret vente minst 2 år før ein stiller til nytt val.

FAU konstituerer seg på det første møtet og vel leiar, nestleiar, sekretær og kasserar for eitt år.

Leiar og nestleiar er FAU sine representantar i SU.

§ 4 – Komitear

Det kan veljast underkomitear for FAU som arbeider med nærare definerte oppgåver eller prosjekt, når som helst. FAU avgjer kva for komitear som skal skipast, eventuelt etter framlegg frå foreldrerådet.

§ 5 – Møter

FAU har minst 6 møter i året eller når minst tre medlemmer krev det.

FAU kan gjere vedtak når minst 5 personar møter (2/3).

Leiar har ansvar for at det vert skrive referat, men kan velje å delegere denne oppgåva til andre medlemmar.

Vigre barnehage har i ansvar å distribuere møteinnkalling og referat. Referat skal vere sendt ut innan 14 dagar etter møtet og innkalling seinast 7 dagar før.

§ 6 – Oppgåver

Dei arbeidsoppgåvene som fell naturleg inn under §1.

FAU skal førebu og drøfte saker som skal opp i samarbeidsutvalet (SU). Det bør samarbeidast mellom skulen og barnehagen sitt FAU/SU om aktuelle saker av felles interesse.

Det vert ført ei liste over dei viktigaste oppgåvene FAU har arbeidd med kvart barnehageår.

Leiar syter for at lista vert ført på siste møte kvar vår. Dette skal vere til hjelp for nye FAU, som raskt kan få oversyn over kva FAU har arbeidd med sist år.

§ 7 – Økonomi

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU.

§ 8 – Teieplikt

Reglane i forvaltningslova om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmer av rådsorgana til Vigre barnehage. (opplæringslova §15-1)

§ 9 – Endringar av vedtektene

Vedtektene vert lagt fram til kjennskap på første møte kvart nytt barnehageår.

FAU kan gjere endringar på vedtektene ved 2/3 fleirtal.

Revidert 01.12.2015

Heidi Handeland
Leiar FAU Vigre barnehage

Eli Sola Erga
Styrrar Vigre barnehage